



Arkivnr: 2017/3286-1

Saksbehandlar: Marianne Haaland

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		09.05.2017

**Høyring på forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning 2017****Samandrag**

Kunnskapsdepartementet sende 15.03.2017 ut forslag til endring i forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning. Høyringsfrist er sett til 2. juni 2017.

Forslaget omfattar tre endringar i forskrifta og departementet ønskjer syn på følgjande tre forslag:

1. At krav til bachelorutdanninger kan gi grunnlag for opptak til PPU (praktisk-pedagogisk utdanning)
2. Ei ordning der bachelorutdanninger som kvalifiserer for opptak til PPU, kan gå over fire år og inkludere PPU
3. Å opne for at institusjonane kan integrere PPU i ei toårig masterutdanning i undervisningsfag, slik at masterutdanninga kan gå over tre år og inkludere PPU

**Forslag til vedtak**

1. Utval for opplæring og helse har ingen merknad til forslag om at krav til bachelorutdanninger kan grunnlag for opptak til PPU.
2. Utval for opplæring og helse har ingen merknad til ordninga der bachelorutdanninger som kvalifiserer for PPU kan gå over fire år og inkludere PPU.
3. Utval for opplæring og helse har ingen merknad til å inkludere PPU i ein toårig mastergrad i undervisningsfag slik at masterutdanninga kan gå over tre år og inkludere PPU.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggeheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## **Fylkesrådmannen, 05.04.2017**

Etter at forskrift for rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning blei fastsett 21.12.2015 har Kunnskapsdepartementet fått spørsmål som gjeld tolking av opptakskravet. Det gjeld i første omgang avgrensinga i forskrifta om profilen på bachelorutdanninger som gir grunnlag for opptak til PPU, og integreringa av PPU i bachelorutdanninga over fire år. I tillegg har det vore spørsmål om integrering av PPU i mastergraden.

### **1. Krav til bachelorutdanninger for opptak til PPU**

Dei same høge krav til opptak og gjennomføring som gjeld for den øvrige lærarutdanninga skal også gjelde for praktisk-pedagogisk utdanning. Frå 2019 skal opptak til PPU som hovudregel vere basert på mastergrad, men det er opna for å ta inn idrettsutøvarar og utøvande og skapande kunstnarar som har fordjuping i idretts- eller kunstfag.

For å styrke rekrutteringa av tal på lærarar med fagkompetanse i praktiske og estetiske fag til læraryrket ønskjer departementet å opne for å rekruttere personar med høg kompetanse innanfor praktiske og estetiske fag og med allsidig erfaringsbakgrunn til læraryrket.

Hordaland fylkeskommune har ingen merknader.

### **2. Integrering av PPU i bachelorutdanninger over fire år**

I tidlegare rammeplanar for PPU har det vore opning for å organisere utdanninga som eit følgjestudium til fagstudiet. Denne moglegheita fall bort i siste reform.

Tilbydarar av bachelorutdanninger i utøvande og skapande kunstfag har gode erfaringar med å integrere PPU i utdanninga då kandidatane frå slike løp får dobbel kompetanse, både som utøvar og lærar. Det er meldt inn ønske om å etablere ordninga med PPU som eit følgjestudium for dei bachelorutdanningane som kvalifiserer for opptak til PPU.

Hordaland fylkeskommune har ingen merknader.

### **3. Integrering av PPU i mastergrad**

Det er fastsett strenge krav til opptak og krav til integrering og prosesjon i lektorutdanninga. Overgang til lektorprogrammet for studentar i disiplinfagleg utdanning utan praksis og fagdidaktikk er difor ikkje mogleg. Tilbydarar av lektorprogrammet har ytra ønske om å rekruttere dyktige kandidatar frå fagstudiet inn i dei seinare åra i utdanninga. Forslaget er å opne for at institusjonane kan integrere PPU i ei toårig masterutdanning i undervisningsfag, slik at masterutdanninga går over tre år og inkluderer PPU.

Hordaland fylkeskommune har ingen merknader

### **Generelle kommentarar:**

Hordaland fylkeskommune har over fleire år hatt utfordringar knytt til rekruttering av lærarar med naudsynt kompetanse som faglærarar i yrkesfag, særleg i TIP, bygg og anleggsfag og elektrofag. Per i dag stimulerer staten kompetanseheving for denne lærargruppa med stipend. Dette er eit viktig bidrag i det regionale arbeidet med å sikre god tilgang på kvalifiserte yrkesfaglærarar. Dei fleste lærarane i tradisjonelle yrkesfag blir tilsett i skulen med fagbrev. Gjennom spesielt tilrettelagt opplæring kan lærarane ta utdanning for å kvalifisere seg som yrkesfaglærar samtidig med at dei arbeider i skulen. Dersom lærarane må reise langt for å ta relevant faglærarutdanning, vil det framleis kunne bli vanskeleg å rekruttere yrkesfaglærarar. Hordaland har sett i gang eiga opplæring lokalt i samarbeid med HiOA. Det er avgjerande at staten vil vidareføre den økonomiske støtta for å sikre vidareføring av slike lokalt tilpassa kvalifiseringstiltak retta mot yrkesfaglærarar.